Høgskolen i Telemark
Avdeling for allmenne fag

Eksamen
i
004 Informasjonsbehandling
09.12.03

Tid:	2 timar
Målform:	Nynorsk
Sidetal:	10 sider (inkl. framside)
Hjelpemiddel:	Ingen
Merknader:	I oppgåvesettet er det 70 spørsmål med 4 svaralternativ **Kvart spørsmål har bare eitt rett svar.** Det blir gitt poeng for kvart spørsmål på følgjande måte: ● Rett svar gir +3 poeng ● Ingen svar gir 0 (null) poeng ● Feil svar gir -1 (minus eitt) poeng Dersom du kryssar av for meir enn eitt svaralternativ blir svaret rekna som feil, dvs. du får -1 poeng.

Du svarer på oppgåvene ved å krysse av på eige svarskjema som blir delt ut separat.

Vedlegg: Ingen

1 Innsettingspunktet
a. syner kvar teksten du ønskjer å skrive vil begynne
b. startar tekstbehandlaren
c. kjem automatisk kvar gong du trykker lineskift
d. forsvinn når du startar eit nytt vindu

2 Disposisjonsvising
a. blir brukt til å fordele teksten jamt utover skjermen
b. kan syne 9 nivå av overskrifter
c. syner bare korleis eit dokument ser ut dersom det blir lagra som ei html-side
d. syner bare korleis margane vil ta seg ut, og korleis margane kan bli stilt inn

3 Botntekstar
a. er tekst plassert nedst på sida i kommentarfeltet
b. er tekst plassert nedst på sida i ein tekstboks
c. er eigne tekstelement som kan bli formatert eksplisitt og som er plassert i botnmargen
d. er utelukkande sidenummerering nedst på kvar side i eit dokument

4 Innhaldsliste
a. kan bare bli skrive manuelt når resten av dokumentet er ferdig
b. har som føresetnad at all brødtekst har stilen "normal"
c. blir generert automatisk på grunnlag av overskriftsstilane
d. blir alltid generert etter siste sideskift i dokumentet

5 Fotnoter
a. blir generert nedst på den sida der ein har markert eit ord
b. kan bare bli brukt der ein viser til litteratur
c. vil alltid bli plassert under botntekstar
d. kan ikkje bli formatert særskilt

6 Tabellar
a. kan ikkje bli formatert
b. må alltid ha øvste venstre hjørne ved venstre marg
c. kan bare innehalde tekst
d. kan summere tal i same kolonne

7 Ein stil
a. kan ikkje bli endra
b. kan lagre eigendefinerte format
c. kan bare bli lagra i det dokumentet der han er laga
d. inneheld ei liste over brukareigenskapar

8 Overskriftsstilar
a. er naudsynte for å kunne generere ei automatisk innhaldsliste
b. innleier kvart avsnitt
c. må innehalde feltkoden {TOC}
d. krev eit eige sideskift

9 Ein mal
a. er eit vanleg dokument som kan blir brukt mange gonger
b. er det same som ein stil
c. er eit dokument med eigen filtype og eige mappe
d. blir alltid overskriven ved bruk

10 Ei automatisk figurliste
a. krev at ein alltid brukar etiketten "figur"
b. kan ha eigendefinerte etikettar for figurane, t.d. "diagram"
c. vil alltid bli plassert på side 2 og etter ei eventuell innhaldsliste
d. vil alltid bli generert med kursiv skrift

11 Ein topptekst
a. skal alltid ha same stil som normalteksten
b. kan bli formatert som eit eige stilelement
c. kan aldri ha større font enn 10 punkt
d. skal alltid begynne frå venstre marg

12 Ein feltkode
a. kan t.d. leggje inn automatisk dagens dato i eit brev
b. kan erstatte førehandsvising
c. er ei feilmelding som gjer at ein må avslutte dokumentet
d. gjer at ein må formatkopiere teksten

13 Winscp
a. er ei teneste på Internett på line med www og ftp
b. er eit program for kryptert filhandsaming når ein lastar opp web-sider.
c. er ein protokoll i TCP/IP-suiten
d. er eit eige lag for sikker datakommunikasjon i høve til TCP/IP-protokollane

14 Kva er ei gyldig, svensk e-postadresse?
a. talib@.n.swe
b. hujed@mej.se
c. göteborg@kex.okej
d. åk@ny.volvo

15 Denne IP-adressa er ikkje gyldig
a. 194.13.194.13
b. 255.255.255.255
c. 256.255.255.255
d. 255.0.0.0

16 Ei heimeside
a. kan bli lesen over heile www bare viss ho er lagra på ein klientbasert PC
b. kan bli lesen over heile www bare viss ho er lagra på ein web-server
c. har alltid si eiga IP-adresse
d. har alltid ei tilsvarande borteside på same server

17 Ein router på ein Internett-node
a. har som oppgåve å vedlikehalde tabellar over IP-adresser
b. er aldri kopla mot NDS
c. har ikkje meir enn eitt nettverkskort
d. kan aldri vere kopla mot både TCP og IP samstundes

18 Eit gyldig domenenamn er
a. www.trelast.org
b. www.trelast.bark
c. www.trelast.ved
d. www.trelast.rot

19 Kommandoen "ping"
a. blir brukt på eit TCP/IP – nettverk for å sjekke om ein node er tilgjengeleg
b. blir brukt på eit TCP/IP – nettverk for avslutte eit samband
c. blir brukt på eit LAN utan TCP/IP for å starte skrivaren før ei utskrift
d. blir brukt på eit LAN utan TCP/IP for å sende meldingar mellom brukarar

20 Namnetenesta (NDS) på Internett
a. Koplar ei gyldig 32 bits IP-adresse til ein godkjent skjerm
b. koplar ei gyldig 32 bits IP-adresse til eit eintydig, gyldig domenenamn
c. koplar ei gyldig 32 bits IP-adresse til ein gyldig farge
d. koplar ei gyldig 32 bits IP-adresse til ein godkjend telefonkatalog

21 Kva blir det tredobbelte av det binære talet 100100?
a. 11001000
b. 11111010
c. 1101100
d. 11001000

22 Kva blir 109 i det binære talsystemet?
a. 10A
b. 1111111
c. 1101101
d. 1101111


23 Kor mange verdiar kan bli representert med 1 bit?
a. 1
b. 2
c. 0
d. uendeleg mange

24 Ein harddisk i en PC
a. er alltid kopla til skjermen
b. brukar alltid USB-bussen
c. er til vanleg kopla til ein IDE-kabel
d. må alltid bli starta etter operativsystemet

25 Ein CD-brennar
a. nyttar ein spiss stift av metallet titan under brenneprosessen
b. let etter seg ein lang tråd av plast på CD-plata under brenneprosessen
c. brukar ulike fargar på ljoset for å generere ulike typar musikk
d. let etter seg punkt i ein spiral på CD-plata

26 Ei CD-plate
a. Kan lagre ca 640 Mb data
b. Kan lagre ca 1,7 Gb data
c. Kan lagre ca 17 Gb data
d. Kan lagre ulike mengder data avhengig av komprimering

27 Ein USB-buss
a. kan bli kopla til inntil 127 einingar
b. kan bli kopla til inntil 64 einingar
c. kan bli kopla til inntil 16 einingar
d. kan bli kopla til bare ei eining



Bilde 1

28 Kontakten på bilde 1
a. er ein oppstrøms USB "A"-plugg og skal bli kopla til ei datamaskin
b. er ein nedstrøms USB "B"plugg og skal bli kopla til periferutstyr
c. er ein USB "X"-plugg som kan bli kopla både til periferutstyr og til datamaskin
d. er ein nedstrøms USB "C" – plugg som blir brukt når ein ønskjer å kople periferutstyr i eit langt kjede.

29 Ein parallellport
a. blir til vanleg brukt til å kople ein skjerm til ei datamaskin
b. blir til vanleg brukt til å kople ein datamaskin til det offentlege telenettet
c. blir til vanleg brukt til å kople til ein skrivar
d. blir til vanleg brukt til å kople tastaturet til systemeininga på ei datamaskin

30 Eit nettverksoperativsystem
a. har til oppgåve å styre lagring av data på lokale lagringsmedier på kvar arbeidsstasjon
b. har til oppgåve bare å overføre data til Nettverkslaget i OSI-modellen på lokale arbeidsstasjonar
c. har til oppgåve å vere ein protokoll mellom Nettverkslag og Sesjonslag på lokale arbeidsstasjonar
d. har til oppgåve å dele ut ressursar til ulike datamaskiner og brukarar i eit lokalnett

31 Eit nettverk der det ikkje er naudsynt med ei tenarmaskin (server) blir kalla
a. ein gathering
b. eit peer-to-peer nettverk
c. eit tenar- (server-) nettverk
d. eit kabelnettverk

32 EDI er ein standard for e-handel
a. og som inneber ein høy grad av integrasjon mellom dei bedriftene som tek denne standarden i bruk
b. og som gjer at samhandlinga mellom to bedrifter blir mindre byråkratisk og meir uformell
c. og som gjer at to bedrifter kan ha same leiing og dermed spare pengar
d. og som pliktar dei bedriftene som tek han i bruk til å bruke strekkodar på varene sine

33 Datatilsynet
a. har som si viktigaste oppgåve å sjå til at Sikkerhetsloven vert fylgt
b. er plikta etter Lov om Personopplysninger til å registrere alle elektroniske personregister i Noreg som er innmeldt eller der det er søkt om konsesjon for å handsame sensitive personopplysningar
c. er plikta etter lov om Personopplysninger til å registrere personregister i Noreg bare der det er søkt om konsesjon for å handsame sensitive personopplysningar
d. skal ikkje føre noko liste over register, men sjå til at dei som søkjer konsesjon følgjer dei retningsliner som gjeld.

34 Teieplikt har heimel i
a. Lov om bruk av data
b. Straffelova
c. Nettverkslova
d. Lov om teieplikt

35 Databedrageri inneber
a. at både menneske og datamaskiner er "forledet"
b. at datamaskiner og/eller – system er manipulert
c. at ein person har nytta t.d. Internett til svindel
d. at ei datamaskin er blitt stolen, lurt frå eigaren eller utsett for hacking

36 Sikkerhetsrevisjon etter Forskrift til Lov om Personopplysninger inneber
a. at det jamleg, t.d. årleg, blir sjekka at dei registrerte opplysningane er rette
b. at det jamleg, t.d. årleg, blir sjekka at utskriftene av dei registrerte opplysningane stemmer med originalane
c. at tryggingssystemet rundt personregisteret jamleg, t.d. årleg, blir revidert i høve til retningsliner som er gitt, at avvik blir logga og retta opp.
d. bare at personalet som handsamar opplysningane blir kalla inn til eit årleg intervju, og at dei der må gjøre greie for dei retningslinene dei skal arbeide etter

37 Lov om Personopplysninger krev bare meldeplikt for personregister som

a. inneheld sensitive personopplysningar
b. inneheld personopplysningar som ikkje er sensitive
c. inneheld både sensitive og ikkje sensitive personopplysningar
d. er ikkje-elektroniske

38 Kva er "autentisering" i høve til datatrygging?

a. Ved tilgangskontroll til eit informasjonssystem må ein brukar føre prov for identiteten sin
b. Ved viruskontrollar er dette ein lekk i å fatte avgjerd i kva for eit virus det er snakk om
c. Eit førebyggjande virusangrep føreset omfattande autentisering
d. Når eit virusangrep har funne stad, må ein autentisere angrepet

39 På adresselina i ein Web-lesar står det "https://www.....". Kva inneber dette?

a. Web-klienten har ein feil, og ein må reinstallere han
b. Brukaren av Web-klienten har tasta adressa feil
c. Web-klienten nyttar SSL secure socket layer
d. Web-klienten nyttar SQL mot Web-databasen

40 Er ikkje eit operativsystem

a. MS Windows XP
b. Linux
c. MAC OS
d. TCP/IP

41 Ein virtuell maskin

a. er ein datamaskin som bare eksisterer på Internett
b. er ein eigenskap ved eit operativsystem, der kvart nytt program som blir starta får tildelt ressursar tilsvarande ein komplett datamaskin
c. er ein teoretisk modell av ein datamaskin
d. er ein datamaskin spesielt konstruert for virtual reality

42 Følgjande påstand er rett:

a. For ein stasjonsbokstav kan det eksistere ein eller fleire mapper/katalogar
b. For ei mappe/katalog kan det eksistere ein eller fleire stasjonsbokstavar
c. Ei fil kan innehalde ei eller fleire mapper/katalogar
d. For ein stasjonsbokstav kan det eksistere ein eller fleire understasjonsbokstavar

43 På ein skjerm kopla til ein datamaskin består fargane av

a. gul, grøn og cyklamen
b. cyan, magenta, gul, svart (CMYC)
c. raud, grøn og blå (RGB)
d. indigo, fiolett, svart og kvit

44 Image.jpg

a. er ei digital lydfil
b. er ei fil som kan gje att levande digitale bilde (streaming)
c. er ei bildefil med eit digitalt stillbilde
d. er ei digital tekstfil

45 nowhiteflag.mp3

a. er ei fil knytt til MPEG-formatet, layer 3, altså lydsporet
b. er ei fil som kan gje att levande digitale bilde (streaming)
c. er ei fil i HTML-format, altså lyd laga for Internett
d. er ei fil knytt til SSL-formatet, altså digital lyd for militære føremål

46 Water.wav
a. er ei bildefil med eit digitalt stillbilde
b. er ei digital lydfil
c. er ei fil som kan gje att levande digitale bilde (streaming)
d. er ei gruppe digitale tekstar kopla i hop i ei sams fil

47 I ein relasjonsdatabase
a. er ein framandnøkkel i ein tabell kopla til ein tilsvarande framandnøkkel i ein annen tabell
b. er tabellane kopla, men det er viktig at ikkje noko nøkkelfelt er kopla til andre
c. inneheld tabellane postar som er sett saman av felt
d. er alle primærnøklane kopla saman i eitt sams punkt

48 Når ein database blir oppdatert med ein transaksjon
a. er det alltid DBHS som tek i mot og utfører oppdateringa
b. vil DBHS tildele transaksjonen ein gyldig primærnøkkel
c. vil alltid kolonnane bli oppdatert, men aldri radene
d. vil primærnøkkelen auke med 1

49 SELECT * FROM Tilsett _tabell
a. er ein SQL-setning som presenterer alle kolonnane i tabellen Tilsett _tabell
b. er ein DBHS-setning som vel ut tilfeldige rader frå tabellen Tilsett _tabell
c. er ein SSL-setning som tek vekk all informasjon frå første rad i denne tabellen
d. er ein FTP-setning som tek vekk alle "*" – teikn frå tabellen

50 Kommandoen
CREATE TABLE Tilsett
(Tilsett ID INTEGER, Namn CHAR(30), Etternamn (40), Adresse CHAR (50)
CONSTRAINT Tilsett PN PRIMARY KEY (Tilsett ID))
a. legg inn data om ein nytilsett i ein ny rad i ein eksisterande tilsett -tabell
b. fjernar data om ein tilsett i ein eksisterande tilsett -tabell
c. lagar tabellen Tilsett med 4 kolonnar
d. slettar ein tabell Tilsett

51 Ein primærnøkkel i ein relasjonsdatabase
a. vil alltid medføre ein framandnøkkel
b. syter for at kvar rad i ein tabell blir unik
c. sender spørjingar til dei andre tabellane
d. har alltid ein sekundærnøkkel i DBHS

52 Ei spørjing mot ein relasjonsdatabase
a. kan ein basere på både tabellar og andre spørjingar
b. må ein alltid basere på ein rapport
c. kan ein bare basere på tabellar i databasen
d. kan ein bare basere på tidlegare spørjingar

53 Ein rapport i ein relasjonsdatabase
a. kan bare bli bygt på ein tabell
b. kan vere bygt på ein eller fleire tabellar eller spørjinger
c. kan ikkje bli lagra med eit eige namn
d. kan ikkje bli endra

54 Følgjande er ikkje eit døme på ein førehandsdefinert datatype i ein relasjonsdatabase
a. flyttall
b. tekst
c. heiltal
d. kjønn

55 Funksjonar i rekneark

a. kan ta fleire argument, men vil alltid returnere bare ein verdi
b. kan bare ta eitt argument, men kan returnere fleire verdiar
c. tar alltid minst eitt argument, men vil returnere bare ein verdi
d. tar alltid fleire enn to argument og returnerer bare ein verdi

Tabell 1

	A	B	C	D	E	F	G
1	**Nr**	**Førenamn**	**Etternamn**	**Stilling**	**Alder**		
2	1	Eirik	Bakken	Seljar	25	**Talet på tilsette med kjend alder:**	5
3	2	Fredrik	Jonasen	Seljar	51		
4	3	Frode	Karlsen	Økonomisekretær	64	**Talet på tilsette totalt:**	6
5	4	Johanne	Johnsen	Seljar	21		
6	5	Kathrine	Nilsen	Seljar	Ukjent	**Talet på tilsette seljarar:**	4
7	6	Kirsti	Nilsen	Økonomisjef	43	Kaffikokar veke 50:	Johanne

56 Sjå på reknearket i tabell 1. Funksjonen i G2 er

a. ANTALL(E2:E7)
b. =ANTALLA(E2:E7)
c. =ANTALL.HVIS(E2:E7)
d. =TELL.OPP(E2:E7)

57 Sjå på reknearket i tabell 1. Funksjonen i G4 er

a. =ANTALL(E2:E7)
b. =ANTALL.HVIS(E2:E7)
c. =TELL.OPP(E2:E7)
d. =ANTALLA(D2:D7)

58 Sjå på tabell 1. Funksjonen i G6 er

a. =ANTALL(D2:D7;seljar)
b. =ANTALLA(D2:D7;"Seljar")
c. =ANTALL.HVIS(D2:D7;D2)
d. =TELL.OPP(D2:D7;"Seljar")

59 Sjå på tabell 1. Ein funksjon i G7 kan vere

a. =FINN.RAD(4;$A$1:$E$7;8)
b. =FINN.RAD(4;$A$1:$E$7;9)
c. =FINN.RAD(4;$A$1:$E$7;2)
d. =FINN.RAD(4;$A$1:$E$7;1)

60 Følgjande er eit døme på ein absolutt referanse i eit rekneark

a. $A$3:$E$6
b. £A£3:£E£6
c. %A%3:%E%6
d. #I/T

61 Ved bruk av rekneark er talet 1230 resultatet av

a. =AVRUND(1234,71;-1)
b. =AVRUND(1234,71;-2)
c. =AVRUND(1234,71;-3)
d. =AVRUND(1234,71;1)

Tabell 2

	A	B	C	D
1	1000	1000	5000	
2	2000	2000		
3	3000	3000		
4	4000	4000		
5				

62 Sjå på Tabell 2. Formelen =SUMMER(A1:A3;B2:B4;C1) plassert i A5

a. er ulovleg og vil returnere feilmeldinga #VERDI
b. er ulovleg og vil returnere feilmeldinga #I/T
c. vil returnere verdien 12000
d. vil returnere verdien 20000

63 Sjå på Tabell 2. Formelen =SUMMER(A1:A5) plassert i A5

a. vil returnere verdien 10000
b. vil returnere verdien 1000
c. vil returnere feilmeldinga "Sirkelreferanse"
d. vil returnere verdien 7000

64 Sjå på Tabell 2. Formelen =MIN(A1:A4) plassert i A5

a. vil returnere verdien 10000
b. vil returnere verdien 0
c. vil returnere verdien A
d. vil returnere verdien 1000

Tabell 3

	A	B	C
1	Terskelrente 2	5%	**Terskel**
2	Terskelrente 1	4%	1 000 000
3	**Innskytar**	**Innskot**	**Rente 2003**
4	Liv Laga	50 000	
5	Inga Aning	500 000	
6	Trude Luth	1 500 000	

65 Sjå på Tabell 3. Følgjande formel reknar ut 4% rente for 2003 og kan bli autokopiert i C4:C6

a. =$B$4*$B$2
b. =B4*$B$2
c. =$B$4*$B$1
d. =B4*B2


66 Sjå på Tabell 3. Dersom innskotet >= 1 000 000 skal kunden ha 5% rente, elles 4%. Følgjande funksjon fyller dette kravet og kan bli autokopiert i C4:C6

a. =HVIS(B4<C2;B4*B1;B4*B2)
b. =HVIS(B4>$C$2;B4*B1;B4*B2)
c. =HVIS(B4>$C$2;B4*$B$1;B4*B2)
d. =HVIS(B4>$C$2;B4*$B$1;B4*$B$2)

Tabell 4

	A	B	C	D
1	Reisande	**1. kvartal**	**2. kvartal**	**3. kvartal**
2	**Torp**	350	365	300
3	**Gardermoen**	150	145	170
4	**Kjevik**	220	200	150

Diagram 1



67 Sjå på tabell 4 og diagram 1. Talet på seriar i diagram 1 er

a. 1
b. 2
c. 3
d. 4

68 Sjå på tabell 4 og diagram 1. Kva er referansen til kategoriaksen (x-aksen)?

a. $B$1:$D$1
b. $A$2:$A$4
c. $B$2:$B$4
d. $A$1:$D$4

69 Sjå på tabell 4 og diagram 1. Referansen til trafikkdata på Torp er

a. $A$2:$A$4
b. $B$2:$D$2
c. $A$1:$D$4
d. $A$1:$D$4

70 Ein pivot-tabell i eit rekneark

a. Er ein reknemodell for å finne det faste beløpet i ein annuitet
b. Er ei spørjing i ein database importert til eit rekneark
c. Er eit verkty bl.a. i rekneark der ein kan analysere data langs fleire dimensjonar
d. Er eit diagramverkty for presentasjonsprogram

SLUTT PÅ EKSAMENSTEKST.